

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 14/8356-5

Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge fem småkraftverk i Luster kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Samla vurdering

- 1.1. Fylkeskommunen meiner at landskapsrommet langs Lustrafjorden er stort, men at dei fem nye prosjekta i nokon grad vil påverke hovudinntrykket av fjord- og fjellandskapet. For tre av prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere akseptable, gitt at det vert gjort nokre avbøtande tiltak. Fylkeskommunen rår til utbygging med nokre merknader.
- 1.2. For to av prosjekta er dei negative konsekvensane så store at fylkeskommunen vil rå ifrå utbygging. Dette gjeld prosjekta i Åselvi og Rydøla.
- 1.3. Om og når løyve vert gitt må krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 setjast som konsesjonsvilkår.

2. Kveken kraftverk

Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

3. Kinsedalselvi kraftverk

Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Av omsyn til kulturminne/historiske element i terrenget langs den nedre delen av Kinsedalselva og elva som landskapselement, må kraftstasjonen flyttast eit stykke oppover elva, til ein stad mellom transformatoren på kote 38 og brua over til Botnen på kote 55. Minstevassføring frå inntaket bør aukast til 5-persentil om sommaren.

4. Mordøla kraftverk.

Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at minstevassføringa frå inntaket om sommaren vert auka til minst 5-persentil.

5. Åselvi kraftverk

Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt vekt på at utbygginga vil redusere Åsafossen vesentleg som landskapselement i eit område som er svært viktig i reiselivsamanheng.

6. Rydøla kraftverk

Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt vekt på at utbygginga vil redusere Ryfossen vesentleg som landskapselement i eit område som er svært viktig i reiselivsamanheng og at det også er konflikhtar i høve til kulturminne og kulturmiljø.

Vedlegg:

1. Brev frå NVE 27.03.2015.
2. Uttale frå Luster kommune, saksutgreiing


3. Luster kommunestyre sak 34/15, 18.06.2015.
4. Luster kommunestyre sak 47/15, 18.06.2015.
5. Saksutgreiing for Kinsedal kraftverk (14/8356 nr. 6)
6. Saksutgreiing for Kveken kraftverk (14/8356 nr. 7)
7. Saksutgreiing for Mordøla kraftverk (14/8356 nr. 8)
8. Saksutgreiing for Åselvi kraftverk (14/8356 nr. 9)
9. Saksutgreiing for Rydøla kraftverk (14/8356 nr. 10)

Andre dokument som ikkje ligg ved:
Konsesjonssøknader for fem småkraftverk

SAKSFRAMSTILLING

1. Kort omtale av dei fem prosjekta det er søkt om løyve til

Frå NVE har fylkeskommunen fått til uttale søknader frå fleire søkjarar om å bygge fem småkraftverk i Luster kommune. NVE ønskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla. Frist for uttale er sett til 30.06.2015. Fylkeskommunen har fått utsett frist til 21.08.2015. På kartet under er dei fem prosjekta vist som grønne firkantar med raud prikk. Andre søknader: Grønne firkantar. Konsesjonsfrie: Gule firkantar. Prosjekt som har fått konsesjon: raude firkantar med svart prikk. Utbygde kraftverk: raude firkantar.



Kart utarbeidd av NVE.

Kinsedal kraftverk. Søkjar: Blåfall AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 205 m i Kinsedalselvi med inntak på kote 207 og kraftstasjon på

kote 2. Vassvegen på 1,3 km er planlagt nedgravd/nedsprengt på heile strekninga langs sør-østsida til elva. Det er planlagt 700 meter permanent traktorveg til inntaket og 20 meter ny permanent veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 1,44 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 4,2 m³/s, dvs. 292%. Installert effekt vil bli 6,54 MW og venta produksjon 15,45 GWh. Det vil bli redusert vassføring på ei 1,2 km lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring frå inntaket på 120 l/s om sommaren og 60 l/s resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,68 kr/kWh.

Kveken kraftverk. Søkjar: Blåfall AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 290 meter i Kinsedalselvi med inntak på kote 525 og kraftstasjon på kote 235. Vassvegen på 2,7 km er planlagt nedgravd/nedsprengt på heile strekninga langs nord-vestsida til elva. Det er planlagt å ruste opp eksisterande veg til Kveken, om lag 200 meter ny permanent køyresterkt terreng til inntaket og om lag 170 meter permanent skogsbilveg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 1,08 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3,0 m³/s, dvs. 278 %. Installert effekt vil bli 6,85 MW og venta produksjon 16,5 GWh. Det vil bli redusert vassføring langs ei 3,0 km lang elvestrekning . Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring frå inntaket på 100 l/s om sommaren og 40 l/sek resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,33 kr/kWh.

Mordøla kraftverk. Søkjar: Mordøla Kraft SUS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 363 meter i Mordøla med inntak på kote 380 og kraftstasjon på kote 17. Vassvegen på ca. 830 meter er planlagt som 360 meter sjakt, 350 meter tunnel og ei kort nedgravd rørgate i nedre del. Inntaket er planlagt bygd ved hjelp av helikopter og det er planlagt om lag 80 meter ny permanent veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 668 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1620 l/s, dvs. 243 %. Installert effekt vil bli 4,95 MW og venta produksjon på 12,1 GWh. Det vil bli redusert vassføring langs ei 1,1 km lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring frå inntaket på 150 l/s om sommaren. Utbyggingsprisen er berekna til 4,90 kr/kWh.

Åselvi kraftverk. Søkjar: Norges Småkraftverk AS

Kraftverket vil nytte eit fall på 635 meter i Åselvi med inntak på kote 650 og kraftstasjon på kote 15. Vassvegen på 1,4 km er planlagt som 1235 meter profilbora tunnel i øvre del og ei kort nedgravd rørgate i nedre del langs nord-østsida til elva. Inntaket er planlagt bygd ved hjelp av helikopter og det er planlagt om lag 40 meter ny permanent veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 388 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 776 l/s, dvs. 200%. Installert effekt vil bli 4,3 MW og venta produksjon 11,8 GWh. Det vil bli redusert vassføring langs ei 1250 meter lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring frå inntaket på 51 l/s om sommaren og 17 l/s resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 4,40 kr/kWh.

Rydøla Kraftverk. Søkjar: Luster Småkraft AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 540 meter i Rydøla med inntak på kote 575 og kraftstasjon på kote 35. Viergrovi skal overførast til inntaket via eit 240 meter langt rør. Vassvegen på totalt 1,41 km er planlagt som ein kombinasjon av rør i grøft og sjakt/tunnel i fjell. Inntaket er planlagt bygd ved hjelp av ein veg som er under bygging inn til stølen i Rydalen, og det må byggast 50 meter ny permanent veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 680 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1705 l/s, dvs. 250%. Installert effekt vil bli 7,9 MW og venta produksjon 14,9 GWh. Det vil bli redusert vassføring på ei 1,56 km lang elvestrekning i Rydøla. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring frå inntaket på 400 l/s om sommaren og 100 l/s resten av året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,85 kr/kWh.

2. Bakgrunn for saka


Samla plan for vassdrag

Stortinget vedtok i 2005 at vasskraftprosjekt med ein planlagt installasjon opp til 10 MW eller med ein årsproduksjon opp til 50 GWh er fritekne for vurdering i Samla plan. Dei fem prosjekta i «Lusterpakken» er alle mindre enn dette.

Utbygning av Mordøla er vurdert i Samla plan, 1984, som eit prosjekt med 670 meter fall og årleg produksjon 22 GWh. Prosjektet omfatta heile fallet i Mordølafossen og vart plassert i kategori II. Konsekvensane for tema naturvern og friluftsliv vart vurdert som middels negative, medan konsekvensane for andre tema var små. Det var i hovudsak tørrlegging av Mordølafossen som betydde negative konsekvensar.

I 1984 vart Åselvi inkludert i eit Samla plan-prosjekt for Feigevassdraget. Det var planlagt å ta inn Åselvi på kote 845 og overføre elva i tunnel til Feige kraftverk. I 1986 vart Feigevassdraget verna mot kraftutbygging, og prosjektet med overføring av Åselvi vart dermed uaktuelt.

Nasjonalparker (NP) og landskapsvernområde (LVO), raud skravur.
Verneplan for vassdrag, blå omramming.



Jostedalsbreen (NP) i vest, Breheimen (NP) i nord og Jotunheimen (NP) i øst. Vigdalen (LVO), Mørkridsdalen (LVO) i nord og Utladalen (LVO) i øst. Jf. kartet under. Ingen av dei fem prosjekta er i konflikt med nasjonalparker eller landskapsvernområde.

Ingen av dei fem prosjekta er i konflikt med verna vassdrag. Nedbørsfeltet til Mordøla kraftverk grensar til nedbørsfeltet til Feigevassdraget som er verna mot kraftutbygging.

Vassforskrifta

Luster kommune ligg i vassområde Sogn i vassregion Sogn og Fjordane. Forvaltningsplan for vassregionen var ute på høyring til 31.03.2015. Gjennomføring av forvaltningsplanen skal skje i perioden 2016 – 2021.

Nasjonal laksefjord.

Sognefjorden er nasjonal laksefjord frå ei linje mellom Ortnevik på sørsida og Nessane på nordsida og vidare innover fjorden.

Fylkesdelplan for arealbruk (år 2000)

Friluftsområde med nasjonal og regional verdi er markert med grøn skravur (jf. kartet under). Ingen av dei fem prosjekta er i konflikt med desse områda.



Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Delområde: Luster og Årdal.

Den regionale planen som vart vedteken i fylkestinget i 2012, har retningslinjer for ulike arealinteresser, m.a. for landskap og friluftsliv. Til arealinteressene er det gitt prioritet etter ein tredelt skala, dvs. prioritet 1-3:

1. prioritet:

Interesser av eineståande verdi. Inngrep som vil innebere bortfall eller vesentleg reduksjon i slike arealinteresser, skal unngåast. "Føre-var-prinsippet" skal leggest til grunn.

2. prioritet:

Interesser av svært stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere stor verdiskaping og/eller at verdien til aktuelle arealinteresser kan oppretthaldast etter utbygging.

3. prioritet:

Interesser av stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftverket, og avbøtande tiltak, i stort monn reduserer eventuelle konflikhtar i høve til aktuelle arealinteresser.

I planen er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket: Fjodar og innsjøar større enn 7 km². Fjordlandskapet dekker heilt eller delvis aktuelle utbyggingsområde for fire av fem søknader. I planen er det ikkje gitt retningslinjer for fjordlandskap åleine.

I delområde Luster og Årdal er det markert 31 fossar/stryk som er eller har vore viktige landskapselement. Mordølafossen, Ryfossen i Rydøla og Åsafossen er mellom desse. Mordølafossen og Åsafossen ligg i fjordlandskap og får 2. prioritet i tråd med den regionale planen. Ryfossen ligg ikkje i fjordlandskap og får 3. prioritet. Aktuelle utbyggingstiltak vil påvirke Ryfossen og Åsafossen, men er lokalisert nedstrøms Mordølafossen.

Luster kommune: Kommunedelplan for små kraftverk.

Luster kommune har i si saksutgreiing vist til vurderingar som er gjort i denne planen:

I Luster kommune sin kommunedelplan for små kraftverk er delområde Kinsedalen plassert i «gul konfliktsone», noko som betyr at området har nokre sterke interesser som må takast omsyn til ved ev. kraftutbygging.

Mordøla og Åselvi:

I kommunedelplanen for små kraftverk er området plassert i «gul konfliktsone».

Rydøla:

I kommunedelplanen for små kraftverk er området plassert i «grøn konfliktsone».

Luster kommune si saksutgreiing 03.06.2015, samla vurdering:

I denne omgangen er det fem småkraftverk på høyring. Det er tidlegare handsama ei rekke søknader frå Luster. På Veitastrond har det til saman vore 10 søknader, der 7 har fått konsesjon og tre er avslegne. To av dei siste er under klagehandsaming.

Utanom det eine kraftverket som inngår i pakken no, er det langs Jostedøla tre kraftverk, der to alt er bygde og det tredje står framfor byggjeart.

Engjadalselvi i Gaupne fekk avslag. Jf. at det her er mykje godt det same grunneigar-fellesskapet som Rydøla.

Det er innvilga konsesjon til Døsjagrovi i Luster og Bergselvi i Fortun. To søknader frå Kroken er avslegne av NVE utan at dei har vore på høyring i kommunen.

Avslagsgrunnane er i første rekke negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet, landskapsopplevinga og almenne interesser som friluftsliv o.l.

Av dei fem kraftverka som er omsøkt no er det to som merkar seg ut på grunn av at dei utgjør markerte landskapselement, Åselvi og Rydøla, som vert forringa ved utbygging. I tillegg kan det for desse peikast på negative miljøkonsekvensar dersom dei vert utbygde. Slik som handsamingspraksis har vorte for utbyggingssaker, meiner rådmannen det vil vera vanskeleg å tilrå utbygging for desse to. For dei tre andre, Kveken, Kinsedal og Mordøla, bør det liggja til rette for konsesjon.

3. Søkjarane sine vurderingar av samla verknadar/sumverknader

I alle fem søknadene er det vurdert moglege sumverknader av kvar enkelt utbygging sett i høve til kraftverk som er utbygde, kraftverk som har fått konsesjon og nye prosjekt det er søkt om i området. Desse vurderingane er omtalt/sitert i saksutgreiingane til prosjekta som følgjer saka. Ingen av søkjarane har konkludert slik at det aktuelle prosjektet eller andre det er søkt om, bør leggast til sides eller avslåast på grunn av sumverknader.

4. Andre sitt syn på dei sju søknadene

Luster kommune, kommunestyret sak 34/15, 18.06.2015.

1. Luster kommunestyre tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Kveken kraftverk på dei vilkår som går fram av søknaden.

2. Luster kommunestyre tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Kinsedal kraftverk på følgjande vilkår:

- a. minstevassføringa om sommaren skal aukast opp til 5-persentilen*
- b. det skal gjennomførast støydempende tiltak for å bringa støyen frå turbin og avlaup i samsvar med gjeldande grenseverdiar*
- c. dei avbøtande tiltaka og utføringa elles skal vera slik det går fram av konsesjonssøknaden.*

3. Luster kommunestyre tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Mordøla kraftverk på følgjande vilkår:

- a. minstevassføringa om vinteren skal setjast lik alminneleg lågvassføring*
- b. det skal gjennomførast støydempende tiltak for å bringa støyen frå turbin og avlaup i samsvar med gjeldande grenseverdiar*
- c. dei avbøtande tiltaka og utføringa elles skal vera slik det går fram av konsesjonssøknaden.*

4. Luster kommunestyre rår ifrå at det vert gjeve konsesjon for bygging av Åselvi kraftverk.

5. For nærare grunngjeving av tilrådinga for kvart einskild kraftverk vert det synt til rådmannen si saksutgreiing.

Luster kommune, kommunestyret sak 47/15, 18.06.2015.

Luster kommunestyre rår til at det vert gjeve konsesjon for bygging av Rydøla Kraftverk som omsøkt, med utviding av sommar minstevassføring frå 15.mai til 15. september.

5. Fylkesrådmannen sine vurderingar og konklusjonar i saksutgreiingane for dei fem prosjekta.

Fylkesrådmannen har vurdert dei fem prosjekta kvar for seg, jf. saksutgreiingar som er vedlagt.

Kinsedalselvi kraftverk

Av omsyn til kulturminne/historiske element i terrenget langs den nedre delen av Kinsedalselva, må kraftstasjonen flyttast eit stykke oppover elva til ein stad mellom transformatoren på kote 38 og brua over til Botnen på kote 55. Ei slik løysing vil også bety at den nedre delen av elva, der den går i fossar og stryk, vert upåverka av utbygginga. Minstevassføring frå inntaket bør aukast til 5-persentil om sommaren. Med dette som føresetnad meiner fylkesrådmannen at det kan gjevast løyve. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Kveken kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebere små eller moderate ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Mordøla kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebere moderate ulemper i høve til kulturminne og friluftsliv, men noko større ulemper i høve til landskap og reiseliv. Under føresetnad av at minstevassføringa om sommaren vert auka til minst 5-persentil, bør det kunne gjevast løyve til utbygging. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Åselvi kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebere moderate ulemper i høve til kulturminne og friluftsliv, men store ulemper i høve til landskap og reiseliv. Fylkesrådmannen meiner at det ikkje bør gjevast løyve. Om det vert gitt løyve, skal krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 settast som konsesjonsvilkår.

Rydøla kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer tiltaket som konfliktfylt i høve landskap, friluftsliv, reiseliv, kulturminne og kulturmiljø, og konkluderer med at det ikkje bør gjevast løyve. Dersom det vert gitt løyve, skal det settast krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 som konsesjonsvilkår.

6. Fylkesrådmannen si vurdering av samla verknader/sumverknaderVassforskrifta

Aktuelle tiltak bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i vassforskrifta §12 følgjast opp.

Kulturminne, landskap og friluftsliv/brukarinteresser

Fylkesrådmannen meiner at landskapsrommet langs Lustrafjorden er stort, men at dei fem nye prosjekta i nokon grad vil påverke hovudintrykket av fjord- og fjellandskapet. For det øvre prosjektet i Kinsedalselvi er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere små eller moderate, og fylkesrådmannen rår difor til utbygging. Utbygging vert også tilrådd for det nedre prosjektet i Kinsedalen, men her under føresetnad av at kraftstasjonen vert flytta eit stykke oppover elva av omsyn til kulturminne/historiske element i terrenget og slik at den nedste delen av elva med fossar og stryk vert upåverka. Minstevassføringa i Kinsedalselvi om sommaren må aukast til 5-persentil. Fylkesrådmannen vurderer at prosjektet i Mordøla vil innebere moderate ulemper i høve til kulturminne og friluftsliv, men noko større ulemper i høve til landskap og reiseliv. Under føresetnad av at minstevassføringa om sommaren vert auka til minst 5-persentil, bør det kunne gjevast løyve til utbygging.

For dei to prosjekta i Åselvi og Rydøla, vil dei negative konsekvensane bli så store at fylkesrådmannen vil rå ifrå utbygging. Dei planlagde prosjekta vil redusere to svært markerte fossar som landskapselement. Begge er lokalisert i eit område der interessene knytt til reiseliv og friluftsliv er sterke, jf. m.a. cruse-trafikk langs Lustrafjorden, trafikk til og frå Sognefjellsvegen som er Nasjonal turistveg og trafikk til frå Breheimsenteret i Jostedalen.

Om og når løyve vert gitt, må krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 settast som konsesjonsvilkår.

Økonomiske tilhøve

Det er opp til den enkelte søkjaren å vurdere framtidig lønsemd knytt til sitt prosjekt. Det er mange faktorar som påverkar resultatet over kraftverket si levetid. Ein indikator på om eit prosjekt er dyrt eller billeg å bygge ut, er utbyggingsprisen = utbyggingskostnad / årleg middelproduksjon i kr/kWh. Nedanfor er det sett opp ein tabell som viser tal henta frå søknadene. Eitt av prosjekta, Mordøla, merkjer seg ut med relativt høg utbyggingspris.

Gjennomsnittleg utbyggingspris for alle sakene som fylkeskommunen hadde til handsaming i 2013 og 2014 var 3,73 kr/kWh.

Kraftverk	Søklar	GWh	Utb. kostnad i mill. kr	Utby. pris i kr/kWh
Kinsedal	Blåfall AS	15,45	57,0	3,68
Kveken	Blåfall AS	16,5	55,0	3,33
Mordøla	Mordøla kraftverk SUS	12,1	59,3	4,9
Åselvi	Norges Småkraftverk AS	11,8	51,8	4,4
Rydøla	Luster Småkraft AS	7,9	57,5	3,85
Sum		70,75	280,6	4,03

*Gjennomsnitt er basert på utbyggingspris for kvart enkelt prosjekt

7. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at landskapsrommet langs Lustrafjorden er stort, men at dei fem nye prosjekta i nokon grad vil påverke hovudinntrykket av fjord- og fjellandskapet. For tre av prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere akseptable, gitt at minstevassføringa vart auka for prosjekta i nedre Kinsedal og Mordøla, og at kraftstasjonen vert flytta noko oppover langs Kinsedalselva. For dei to prosjekta i Åselvi og Rydøla vert dei negative konsekvensane så store at fylkesrådmannen vil rå ifrå utbygging. Om og når løyve vert gitt, skal krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 settast som konsesjonsvilkår.